

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.05.2015

Vår ref.: 201005128-9

Arkiv: 312 / 080.4D

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Erlend Støle Hansen

22 95 98 26 / esha@nve.no

## Kvernfossen Kraft SUS – Søknad om løyve til Kvernfossen kraftverk i Hyllestad kommune i Sogn og Fjordane – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Kvernfossen Kraft SUS, datert 22.4.2015, om løyve til Kvernfossen kraftverk i Hyllestad kommune.

Kvernfossen kraftverk vil nytte eit fall på 26,5 m i Lølandselva med inntak på kote 119,5 og kraftstasjon på kote 93. Vassvegen på om lag 600 m er planlagt nedgraven på heile strekninga mellom nordsida av Lølandselva og fylkesveg 63. Det er planlagt permanent veg til kraftstasjonen lengde omtrent 150 m. Middelvassføringa er 5,9 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 9 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 9,14 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 650 m lang elvestrekning i Lølandselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 0,6 m<sup>3</sup>/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Kvernfossen kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Hyllestad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn i resepsjonen på kommunehuset i Hyllestad fram til **30.6.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **30.6.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

### Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

### Region Vest

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

### Region Øst

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Erlend Støle Hansen  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kunngjering  
Orientering til høyringspartane

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Hyllestad kommune  
Kvernfossen Kraft SUS  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Miljøvernforbund  
SFE Nett AS  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sogn og Fjordane Turlag  
Statens Vegvesen - region vest  
Sunnfjord Energi AS v/Odd Rune Håland  
Sunnfjord Energi Nett AS